

# Juletre

Skikken med juletre kjem opphaveleg frå Tyskland. Skikken starta på 1500-talet, og treet var i starten gjerne pynta med epler, søtsaker og levande lys. Skikken med juletre etablerte seg også i Skandinavia, men kom til Noreg først på 1800-talet, og vart etterkvart ein kjær juletradisjon. Juletreffestar vart også frå slutten av 1800-tallet svært populært.

Visste du at juletreet symboliserer livsens tre i Edens hage? Og at fordi nåletreet er grønt gjennom heile året symboliserer det evig liv? I Bibelen blir Jesus kalla «den andre Adam» (1.kor 15,45). Vi kan forstå dette som at ved Adam sitt fall vart paradiset stengd, men ved Jesu fødsel får menneska tilgjenge til paradiset igjen.

## Juletrepynten har også symbolsk tyding.

**Juletrefotoen** er gjerne forma som ein kross, og kan minne om Jesu død på krossen.

**Stjerna** i toppen symboliserer julestjerna over stallen i Betlehem.

**Glitteret** på treet symboliserer strålar frå julestjerna, og minner om at vi alle er gjenskin av Kristus som lys i verda.

**Juletrelysa** symboliserer Jesus som verdsens lys.

**Englar** symboliserer bodbringerane frå Gud.

**Julekorgene** er ofte forma som hjarte og er symbol på Jesu kjærleik til menneska. Korgene kan fyllast med søtsaker og små gåver, som eit teikn på Guds gode gåver til menneska. I jula kom Jesus som Guds gode gåve!

**Julekula** er symbol på jorda, og Guds kjærleik og omsut for heile jorda og alle menneska.

**Julelekkjene** symboliserer solidaritet og samhald mellom menneska.

# Du grønne glitrende tre

Tekst: Johan Krohn

Musikk: Christopher Weyse



Du grønne glitrende tre, god dag!  
Velkommen, du som vi ser så gjerne,  
med julelys og med norske flagg  
og høyt i toppen den blanke stjerne!  
Ja den må skinne  
for den skal minne  
oss om vår Gud.

Den første jul i et fremmed land  
sin store stjerne vår Herre tente;  
den skulle vise vår jord at han  
den lille Jesus til verden sendte.  
I stjerneglansen  
gikk engledansen  
om Betlehem.

Om Jesubarnet fortalte mor  
så mang en aften vi satt der hjemme;  
vi kan hans bud og hans milde ord,  
vi vet at aldri vi dem må glemme.  
Når stjernen skinner  
om han oss minner  
vårt juletre.


# Julekrubbe

Ei julekrubbe gjer Jesu fødsel nær og konkret. Julekrubba forkynner evangeliet om Jesus gjennom figurar og konkretar. Midtpunktet i julekrybba er Gud som eit lite barn!

## Eit barn er født i Betlehem

*Eit barn er fødd i Betlehem  
Eit barn er fødd i Betlehem,  
i Betlehem.*

*No gleder seg Jerusalem.  
Halleluja, halleluja!*



# Lukas 2, 1-20


I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var første gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.

Også Josef drog då frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han hørde til Davids hus og ætt og skulle skriva seg der saman med Maria, som var lova bort til han. Ho venta då barn. Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den førstefødde. Ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje husrom for dei.

Det var nokre gjetarar der i området som var ute på marka og heldt vakt over flokken sin om natta. Med eitt stod ein Herrens engel framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei gripne av stor redsle. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med bod om ei stor glede, ei glede for heile folket: I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by. Han er Messias, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og song:

«Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i!»

Då englane hadde fare attende til himmelen, sa gjetarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som hørde på, undra seg over det gjetarane fortalde. Men Maria gøymde alt dette i hjartet sitt og grunda på det. Og gjetarane vende attende. Dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrte og sett; alt var slik som det var sagt dei.



# Tenn lys

Tekst: Eyvind Skeie

Melodi: Sigvald Tveit

Mange tenner lys som uttrykk for sorg og sagn. Men lystenning er òg eit teikn på glede og håp! I jula symboliserer lyset glede over at Jesus vart fødd! Jesus talar om seg sjølv som eit lys, og han seier: Eg er verdsens lys!

## Johannes 8,12:

Igjen tala Jesus til folket og sa: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørkret, men ha livsens lys.»


## Tenn lys

Tenn lys, et lys skal brenne, for denne lille jord den blanke himmelstjerne, der vi og alle bor må alle dele håpet, så gode ting kan skje må jord og himmel møtes, et lys er tent for det.

Tenn lys, to lys skal skinne, for kjærlighet og tro for den som viser omsorg, og alltid bygger bro må fanger få sin frihet, og flyktninger et hjem Tenn lys, for dem som gråter, og dem som trøster dem.

Tenn lys, tre lys skal flamme, for alle som må slåss for rettferd og for frihet, de trenger hjelp fra oss må ingen miste motet, før alle folk er ett Tenn lys, for dem som kjemper, for frihet og for rett.

Tenn lys, nå stråler alle, de fire lys for ham som elsker alt som lever, hver løve og hvert lam tenn lys for himmelkongen, som gjeterflokken så nå møtes jord og himmel, i barnet lagt på stå.



# Bønekrukke

## Bøn

«Kva er tru, anna enn bøn,» spurde Martin Luther. Når vi bed, snakkar vi til Gud rett frå hjarta.

Ei bøn kan vere ferdig formulert i ein gudsteneste-liturgi eller i ei bønabok,- og ei bøn kan være ordlaus, ein sukk, eller eit spontant uttrykk for det som ligg oss på hjarta her og no.

Vi kan be saman med mange eller heilt åleine, vi kan be for andre, og andre kan be for oss. Bøna er trua sitt språk. Når vi bed er vi vende til Gud. Det er ingen grenser for form og innhald i bøna. Den einskilde kan velje fritt det uttrykket som høver.

«Bøn er samtale med Gud» blir det sagt. Bøn er også ei øving i fromheit eller ei mental innstilling for å setje ord på den største glede, eller som ein andeleg terapi i kriser.

Bibelen har mange eksempel på bøn. Den største samlinga er i Salmane i Det gamle testamentet. Der blir usensurerte klage- og jubelrop bringa fram for Gud, i tru og tillit: Men du høyrde mi bøn då eg ropa til deg. (Sal 31,23b). Simeon i tempelet bad takkebøna med lovsongsord: for mine auge har sett din frelse! (Luk 2, 29). Jesus bad i Getsemane-hagen, ei bøn i djup fortvilning og overgjeving (Matt 26, 36-42)

## Fadervår

Ein gong spurde disiplane Jesus om korleis dei skulle be. Da svara Jesus med å lære dei den bøna som vi kallar

## Vår Far

Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar. Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt og makta og æra i all æve.

Amen.



Du kan gjerne synge salmen Solbarn, jordbarn nr. 26. i Norsk salmebok.



# Å gi

Då Jesus var fødd i Betlehem i Judea, i kong Herodes' dagar, kom det nokre vismenn frå Austerland til Jerusalem og spurde: «Kvar er den jødekongen som no er fødd? Vi såg stjerna hans gå opp, og no er vi komne og vil hylla han.» Då kong Herodes fekk høyra det, vart han svært uroleg, og heile Jerusalem med han. Han kalla saman alle overprestane og dei skriftlærde i folket og spurde dei ut kvar Messias skulle bli fødd. «I Betlehem i Judea», svara dei, «for slik står det skrive hos profeten:

*«Du Betlehem i Juda land,  
blant fyrstane i Juda er du slett ikkje den ringaste.  
For frå deg skal det koma ein fyrste,  
ein hyrding for mitt folk Israel.»*

Då kalla Herodes vismennene til seg i løynd og spurde dei nøye ut om kva tid stjerna hadde synt seg. Så sende han dei til Betlehem og sa: «Gå og forhøyr dykk nøye om barnet. Og når de har funne det, så sei frå til meg, så eg òg kan koma og hylla det.» Då dei hadde høyrte kva kongen hadde å seia, tok dei i veg. Og sjå, stjerna som dei hadde sett koma opp, fór føre dei heilt til ho vart ståande over staden der barnet var. Då dei såg stjerna, vart dei umåteleg glade. Dei gjekk inn i huset og fann barnet hos mora, Maria. Og dei fall på kne og hylla det. Så opna dei skrininga sine og bar fram gåver til barnet: gull, røykjelse og myrra. Men Gud varsla dei i ein draum at dei ikkje måtte fara attende til Herodes, og dei tok ein annan veg heim til landet sitt.



# Å gi

Her kan du  
leggje frå deg  
ei *julegåve som  
er pakka inn.*

Du kan leggje henne under *juletreet.*





DEN NORSKE KYRKJA

Å gi

*Du kan gi ei  
pengegåve til  
**Kirkens Nødhjelp**  
eller kyrkjelyden sitt  
**misjonsprosjekt.***

Vipps:

Kontonr: